



Sigvard Hopland  
Nesbrekka 2  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2879 - 18/3872

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
06.02.2018

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 172/4 Hopland

Byggjestad: Gbnr: 172/4  
Tiltakshavar: Sigvard Hopland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.12.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket er ikkje nabovarsla. Dersom tiltakshavar meiner dette ikkje er naudsynt bør det ligge føre grunngeving for at kommunen bør gi fritak for nabovarsling. Kommunen meiner at riving i det omfanget som kommunen forstår av søknaden, bør nabovarslast
2. Det er søkt om tiltak utan ansvarsrett og riving som nevnt i SAK 10 §3-1. Det går ikkje klart fram av søknaden kva som skal rivast. Dersom riving gjeld både silo og cirka halvparten av «driftbygning» er det tvilsomt at dette kjem inn under tiltak som kan søkast om utan ansvarsrett. Viser til rettleiing i SAK 10 §3-1. Om tiltaket ikkje kjem inn under dette må det søkast om riving med hjelp av ansvarlig foretak.
3. Kommunen legg til grunn at øvrige tiltak som er vist i situasjonsplan ikkje går inn i søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.03.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Dersom søknad om riving viser seg å være meir omfattande enn det som kjem inn under SAK 10 §3-1 må det sendast inn søknad med ansvarsrett.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Sigvard Hopland

Nesbrekka 2

5912

SEIM